

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 31.03.2020
SAKSHANDSAMAR: Brita Mauritzen Næss
SAKA GJELD: **Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2019**

ARKIVSAK: 2019/7069
STYRESAK: **055/20**

STYREMØTE: **15.04.2020**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Spesialisthelsetenesta har utarbeidd sin andre felles rapport om samfunnsansvar. Rapporten blir lagt fram for styret til orientering.

Fakta

I 2017 fekk dei fire regionale helseføretaka følgjande styringsbodskap:

«Det går fram av Meld. St. 27 (2013-2014) Et mangfoldig og verdiskapende eierskap at regjeringa forventar at selskap med statleg eigardel arbeider systematisk med sitt samfunnsansvar og er leiande på område. Regjeringa har både generell og meir spesifikke forventningar til selskapa på samfunnsansvarsområdet. Dei spesifikke forventningane er knytte til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon», og med følgjande oppdrag:

«Finne eit hensiktsmessig felles format for dokumentasjon og rapportering av spesialisthelsetenesta sitt arbeid med samfunnsansvar.»

Med samfunnsansvar er meint det ansvar ei verksemd er forventa å ta på seg for menneske, samfunn og miljø ut over det oppdrag som verksemda er gitt, og som er forventa integrert i den daglege drifta.

Kommentarar

Arbeidet med å utarbeide spesialisthelsetenesta sin felles samfunnsansvarsrapport har blitt lagt til det interregionale samarbeidsutvalet for klima og miljø i spesialisthelsetenesta. Dette utvalet blei etablert frå årsskifte 2016/2017 samstundes som det interregionale klima- og miljøprosjektet blei avslutta. Samarbeidsutvalet blei fram til 31. desember 2018 leia av Helse Vest RHF. Ansvaret blei så overført til Helse Sør-Øst, som nå leier utvalet.

Under samarbeidsutvalet blir ulike oppgåver løyst på vegne av fellesskapet. Arbeidet med spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2019 har vore leia av Helse Nord. Neste år går oppgåva vidare til Helse Vest.

Helseføretaka i regionane har gjennom regionale miljøfaggrupper og interregionalt miljø- og klimaforum vore involvert i arbeidet med rapporten, og helseføretak har kome med innspel både til innhald og utforming. I år har helseføretaka i Helse Vest vore særskild aktive og har fleire bidrag i rapporten! Det er etablert ein felles webportal for klimaregnskap der lokalt CO2 utslipp blir rapportert.

Frå dei felleseide selskapa er Sykehusbygg HF, Sykehusinnkjøp HF, Luftambulansetjenesten HF og Pasientreiser HF representert enten i det interregionale samarbeidsutvalet, i regional miljøfaggruppe eller i miljø- og klimaforum.

Rapporten gir eit godt grunnlag for å vise oppfølging av området og gir ein hensiktsmessig dokumentasjon av oppdraget. Det er også positivt for omdømme at spesialisthelsetenesta nå kan leggje fram ein felles rapport for samfunnsansvar, og den viser at det blir samarbeidd om felles utfordringar og at samfunnsansvaret blir tatt på alvor i spesialisthelsetenesta.

Konklusjon

Styret tek saka til orientering.

Vedlegg:

- 1 Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2019